



# Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 17.12.2024

## Kjære ressursperson og leiar!

Nyheitsbrev vert sendt ut to gonger årleg. I dette nyheitsbrevet vil de finna oppsummering av aktivitetane som har vore i nettverket denne hausten, informasjon om planar for neste år, og aktuell informasjon frå fagfeltet.

Nettverket skal sikra samarbeid, og dei lokale nettverksmøta legg til rette for dette på ein unik måte ved at ein vert betre kjent og får ei auka forståing på tvers av kommune- og spesialisthelsetenesta.

Me vil nytta høvet å takke deg som er ressursperson for det viktige arbeidet du gjer! Din innsats, ditt engasjement og din støtte gjer ein forskjell for både pasientar, pårørande og kollegaer. Takk også til deg som er leiar for ein ressursperson, for at du legg til rette og støttar din ressursperson! Saman løftar de faget på eigen arbeidsstad og bidrar til å halda kreftomsorg og lindrande behandling varmt.

## Kva har skjedd sidan sist?

### Felles for nettverka i Helseregion Vest: Poster på Landskonferansen i palliasjon

Kva informasjon er viktig for å sikra god kontinuitet når palliative pasientar vert flytta mellom sjukehus og kommunale helse- og omsorgstilbod? Dette spørsmålet vart stilt til ressurspersonane ved årleg rapportering i 2023. Svara vart presentert på ein poster på Landskonferansen i palliasjon i Bergen i haust. Dersom du ynskjer abstraktet tilsendt, ta kontakt med [lindrende.behandling@helse-bergen.no](mailto:lindrende.behandling@helse-bergen.no)

### Ny strategi for nettverket 2025-2029

Det er gjennomført SWOT analyse (styrker, svakheiter, moglegheiter, truslar) i alle dei lokale nettverksgruppene i Helseregion Vest. I tillegg har driftsgruppene evaluert den nåverande strategien. Det vart også arrangert eit arbeidsseminar der helse- og omsorgssjefar/kommunalsjefar deltok og kom med innspel. Resultat frå dette arbeidet vil danna grunnlaget for ein ny strategi for nettverka 2025-2029 og vil bli utarbeida av ei tverrfagleg arbeidsgruppe i Bergen. Strategien vil bli lagt ut på nettsidene til KLB etter at den er blitt handsama i styringsgruppene over nyttår. Meir informasjon kjem seinare i eigen e-post.

### Helse Fonna:

#### Lokale nettverksmøte

Det er gjennomført lokale nettverksmøte i alle nettverksgruppene i haust. Dette har vore gode møte med godt framsmøte.

Undervisninga i år har vore delt mellom to tema:

- «Pakkeforløp hjem» undervisning ved Kristin Eikill frå Kreftforeningen
  - «Hva blir viktig i den psykososiale oppfølgingen for den enkelte etter alvorlig sykdom?» undervisning v/ Målfrid Eide, kreftsjukepleiar og familierapeut ved Kreftomsorg Rogaland
- Alle nettverka har fått undervisning i begge tema, fordelt på vår og haust.

**Hva er viktig? God samhandling til pasientens beste!**  
Informasjon er viktig for å sikra god kontinuitet når palliative pasientar flytta mellom sjukehus og kommunale helse- og omsorgstilbod

Ansvarstille: Anne-Kristin Ørst, Marthe Hege Aasen<sup>1</sup>, Camilla Horneland<sup>2</sup>, Grete Edda Sævi<sup>3</sup>, Jenny Ann Lill Tøft<sup>4</sup>, Margareta Ryberg<sup>5</sup>, Laila Jakobsen<sup>6</sup>  
Kommuner: <sup>1</sup>Helseregion i Hordaland, <sup>2</sup>hordalandregion.no, <sup>3</sup>Stord kommune, <sup>4</sup>Stord kommune, <sup>5</sup>Stord kommune, <sup>6</sup>Stord kommune

**Metode:** Rapportering til årleg rapportering i 2023. Spørsmåla om samhandling blei besvart av 217 ressurspersonane i kommunar og 45 ressurspersonane i sjukehus.

**Resultat:** Rapportering blei besvart av 217 ressurspersonane (98%). Spørsmåla om samhandling blei besvart av 217 ressurspersonane i kommunar og 45 ressurspersonane i sjukehus.

**Ressurspersonane i kommunane fremhever:**

- Behandlingsplan for palliative pasientar
- Tidleg og god informasjon
- Informasjon om helse som er sagt, til hvem, og om informasjon er forståelig
- Planer og samarbeidsforhold
- Program og behandlingstilbod
- Kvalitet
- Kontaktinformasjon til sjukehus

**Ressurspersonane i sjukehuset fremhever:**

- Behandlingsplan
- Informasjon
- Planer og samarbeidsforhold
- Planer og samarbeidsforhold

**Resultat:** Helse som er sagt, var viktig for god samhandling. Flere ressurspersonane i sjukehuset fremhever samarbeidsforhold og informasjon. Flere ressurspersonane i kommunane fremhever informasjon og samarbeidsforhold. Dette viser at informasjon og samarbeidsforhold er viktige for god samhandling. Dette viser at informasjon og samarbeidsforhold er viktige for god samhandling.

**Introduksjonskurs** for nye ressurspersonar i nettverket og deira næraste leiar vart arrangert 1. oktober 2024. Det var til saman 31 nye ressurspersonar og leiarar som deltok.

**Verdsdagen for lindrande behandling** vart markert 2. oktober på Tysvær Kulturhus med tema: «Eit samfunn der me bryr oss. Krafta i frivillig arbeid». Det var foredrag ved Geir Sverre Braut, seniorrådgivar ved Forskningsavdelinga ved Stavanger universitetssjukehus, samt foredrag ved Kathrine Kallekott Kyvik, leiar for Våketjenesten Karmøy Røde Kors og Bjørn Harald Johansen, leiar av Prostatakreftforeningen på Haugalandet.

**Lokal fagdag i grunnleggande palliasjon** vart arrangert 26. november. Denne fagdag var for alle nye ressurspersonar i nettverket og dei som ikkje tidlegare har deltatt. I tillegg vart helsepersonell som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta i Helse Fonna, også invitert til å delta. Over 70 deltakarar deltok på denne fagdagen.

### **Fagdag i nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar**

Fysioterapi- og ergoterapinettverket arrangerte sin fagdag 12. november. Det vart ein flott fagdag med foredrag av fleire fagpersonar. Spesielt kjekt var det at spesialfysioterapeut og førsteamanuensis NTNU, Guro Birgitte Stene, kom frå Trondheim for å undervisa oss om trening og kreft. Driftsgruppa vil framover arbeida vidare med evalueringa etter fagdagen, og arbeida for å arrangera ein flott fagdag også i 2025.

## **Planar for våren 2025**

Nettverksmøta startar opp i april. Her er oversikt over nettverksmøta våren 2025:

<b>Nettverksgruppe</b>	<b>Dato</b>
Hardanger	1. april i Utne
Ytre Haugaland Midt	29. april på Utsira
Ytre Haugaland Nord	22. april Kopervik sykehjem
Ytre Haugaland Sør	8. april Veia sykehjem
Indre Haugaland	6. mai i Etne
Sunnhordland	13. mai i Kvinnherad

Sett av datoane i kalenderen og informer leiar allereie nå.

Hugs møta er obligatoriske for sjukepleienettverket.

Nettverket består av **121** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **27** ressurspersonar i fysio- og ergoterapinettverket. For meir info sjekk ut:

[www.pallnet.no](http://www.pallnet.no)

### **Årleg fagdag vil bli arrangert onsdag 26. mars 2025 i Haugesund**

Tema for årleg fagdag vert «Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn. Når døden banker på eksilet». Meir informasjon vil bli sendt ut i nettverket etter kvart.

## Kurs og konferansar

- [Landskonferanse i kreftsykepleie](#) vert arrangert kvart 2. år og i 2025 vert den arrangert for 22. gong, denne gong i Bergen ☺.  
Påmeldinga er opna, ta ein kikk på nettsida
- [19. World Congress of the EAPC](#) 29. -31. mai 2025, Helsinki, Finland

## Aktuell informasjon frå fagfeltet

- Eit nytt e-læringskurs om førehandssamtalar: Digital læring, Helse Bergen HF og Kompetansesenter i lindrande behandling i Helseregion Vest har utvikla eit e-læringskurs om førehandssamtalar. Kurset gir ei innføring i førehandssamtalar ved alvorleg sjukdom og kan brukast individuelt eller i grupper: <https://kursbygger.ihelse.net/?startcourseid=2860&tracking=>
- [Forhåndssamtaler og planlegging ved begrenset forventet levetid - Helsedirektoratet](#)  
Nasjonale faglege råd er publisert på Helsedirektoratet sine sider.
- Nytt webinar i regi av International Collaborative for Best Care for the Dying Person: [Don't forget the children when a parent is dying of cancer.](#)  
Lenka vil vera tilgjengeleg i 3 månader.
- Hjelpespodden. Den 8. episoden av Hjelpespodden er nå laga, med tittelen «Praktisk informasjon ved dødsfall». Hjelpespodden er ein podkast frå Haraldsplass Diakonale Sykehus om ordningar for pasientar og pårørende ved sjukdom. I studio er Line Solheim og Anita Bøe Lagos.
- [Når en av våre nærmeste dør - Helsedirektoratet](#) Brosjyren er tilbake, og kan bestillast eller skrivast ut frå nettsida.
- Etterlattformar kan bestillast hjå KLB. Obs: mappene kjem i ny layout og med oppdaterte referansar. Det er no ei felles mappe for både sjukehus og kommune.
- Nasjonal veileder om [Beslutningsprosesser ved begrenset forventet levetid - Helsedirektoratet](#) er under behandling etter høyringsrunde. Forventa ferdigbehandla i januar 2025.
- Temaside på helsenorge. <https://www.helsenorge.no/doden/>
- Midlar til kompetanseheevande tiltak for 2025:
  - [Kompetanseheevande tiltak for lindrende behandling og omsorg ved livets slutt - Helsedirektoratet](#) - start gjerne arbeidet nå ang. tenkja på om / korleis du kan jobba med prosjekt i din kommune eller arbeidsstad. Spør leiaren din eller leiar i kommunen om råd! Og [SPØR KLB](#) om råd dersom du jobbar med søknad! Søknadsfrist 2. mars.
  - Informasjon om ulike pågåande prosjekt: [Kommunale prosjekt - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](#)
- Montebellosenteret arrangerer kurs for kreftpasientar og deira pårørende, med fokus på livsmeistring for dei som har eller har hatt kreft: [www.montebellosenteret.no](http://www.montebellosenteret.no)

- [Sorggrupper.no](https://sorggrupper.no) På nettsida kan du undersøkje om det er sorggruppe i aktuell kommune, eller kommune i nærleiken.
- Aktuell film: Ukjent landskap er tilgjengeleg på NRK <https://tv.nrk.no/program/KMTE30007421>
- Aktuell informasjon om palliasjon finn du alltid på nettsida til KLB: <https://www.helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling>

#### Aktuelle artiklar:

- Helse- og omsorgsdepartementet legg spesialitet i palliativ medisin på is. Eit samla fagmiljø meiner det vil få svært negative konsekvensar for framtidige pasientar med ulækjeleg sjukdom og begrensa levetid. Les innlegg, henta frå [Dagens Medisin, 09.12.2024](https://www.dagensmedisin.no/nyheter/2024/09/09/helse-og-omsorgsdepartementet-legg-spesialitet-i-palliativ-medisin-pa-is/)
- Palliativ kreftrehabilitering  
[Integration of palliative rehabilitation in cancer care: a multinational mixed method study](https://www.tandem.no/nyheter/2024/09/09/integration-of-palliative-rehabilitation-in-cancer-care-a-multinational-mixed-method-study)  
Dette er ein artikkel om korleis palliativ rehabilitering er integrert i klinisk praksis.

**Pakkeforløp heim for kreftpasientar** Helse Fonna starta implementering av Pakkeforløp heim for kreftpasientar i 2024, både i spesialisthelsetenesta og i alle kommunar. Målet med ordninga er å bidra til god struktur og logistikk i helsetenesta, samt sikra tryggleik og meir føreseielege forløp for personar som lever med kreft, eller etter avslutta kreftbehandling.

Link: <https://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/hjem-for-pasienter-med-kreft>

#### **Hospitering**

Alle ressurspersonar vert oppmoda til å hospitera i løpet av ein 3-års periode (jmfr. Kompetanseplanen). De kan lesa meir om hospiteringsordninga i Helse Fonna på KLB si heimeside under Nettverk Helse Fonna.

Link: <https://helse-fonna.no/seksjon/samhandling/Documents/Hospitering/Hospiteringsordning.pdf>

### **Nytt frå Kreftforeningen**

Minner om ulike tilbod til kreftramma:


**Temakaféar på Haugalandet og Sunnhordland** ynskjer kreftramma velkommen til treff. Sjå informasjon om temakafear i Haugesund, Vindafjord/Etne, Stord, Odda og Kvam. Program for 2025 blir oppdatert på nettsidene: [Temakafé for kreftpasienter, pårørende og etterlatte – Kreftforeningen](https://www.kreftforeningen.no/temakafe)

**Økonomisk støtte** Vi gir økonomisk støtte til kreftpasientar og pårørende som har økonomiske vanskar på grunn av sjukdom og behandling. [Søk økonomisk støtte fra Kreftforeningen](https://www.kreftforeningen.no/okonomisk-stotte)

**Brosjyrer og materiell:** Her kan du lasta ned ulike brosjyrer: [Brosjyrer og materiell – Kreftforeningen](https://www.kreftforeningen.no/brosjyrer). Aktuelle hefter for nettverket: I arbeid under og etter kreft, Til deg som er pårørende, Mor eller far er alvorlig syk, Spørsmål om døden, Å dø hjemme.

**Kreftforeningen sin juleaksjon:**

[Gi håp til jul - Støtt Kreftforeningens juleaksjon](https://www.kreftforeningen.no/juleaksjon)



### **Nytt frå KOR**

Kreftomsorg Rogaland (KOR) er lokalt kompetansesenter for kreftpasientar, pårørende og etterlatne. KOR sin visjon er "Livskvalitet - når livet er i endring"

Heimeside: [www.kreftomsorg.no](https://www.kreftomsorg.no). Tenester i KOR: Me tilbyr både samtaler og undervisning. Me tilbyr individuelle samtaler, par- og familiesamtaler, samtaler i heimen eller på institusjon og har fortsatt tilbod om homogene grupper og fleire nye grupper starta denne hausten. Me har bidratt med undervisning i nettverket, på vidareutdanningar, ulike fagdagar og for tilsette i barnehagar og Barnekreftforeningen. Nyleg starta nytt tilbod med strikkekafè for kreftramma. KOR boksen: denne hausten har me ferdigstilt samtaleverktøyet som me har arbeida med siste året.

*På vegne av driftsgruppene takkar me for godt samarbeid i  
2024!*



Fotograf: Jenny-Ann Lid Toft

*Me vil med dette ynskja dykk alle ei riktig god og fredeleg  
julehøgtid!*

*Med helsing frå driftsgruppene for nettverka*

Grete Skeie Sørhus og  
Jenny Ann Lid Toft  
**Sjukepleienettverket**

Karoline Berge  
**Fysioterapi- og ergoterapinettverket**